



Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Forskningsprosjektet COMPLETE

COMPLETE er eitt av fire forskningsprosjekt finansiert av Kunnskapsdepartementet sitt «Program for betre gjennomføring» (PBG). Prosjektet har to tiltak, Drømmeskolen og Nærværsteam, som er utvikla for å betre psykososialt læringsmiljø i vidaregåande opplæring og dermed medverke til å auke gjennomføringa.

Bakgrunnen for COMPLETE

Ny GIV

Kunnskapsdepartementet inviterte hausten 2010 alle kommunar, fylkeskommunar og NAV til å etablere eit forplikande samarbeid for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Partnerskapet vart kalla *Ny gjennomføring i vidaregåande opplæring*, forkorta til Ny GIV, og hadde desse prosjekta:

Oppfølgingsprosjektet: eit forsterka samarbeid mellom oppfølgingstenesta, dei vidaregåande skulane, kommunale tenester og NAV om ungdom som står utanfor skule og arbeid

Overgangsprosjektet: eit forsterka samarbeid mellom ungdomsskular og dei vidaregåande skulane om tett fagleg oppfølging av svakt presterande elevar

Gjennomføringsbarometeret: eit felles data- og statistikkgrunnlag i alle fylkeskommunar for å følgje utviklinga mot felles mål for gjennomføring

Program for betre gjennomføring

Ny GIV blei avslutta i 2013, men samarbeidet med fylkeskommunane for å få fleire til å gjennomføre, blei vidareført i «Program for betre gjennomføring», PBG, som er ei skrittvis satsing delt i to hovudspor:

- Spor 1: Arena for erfaringsutveksling
- Spor 2: Utprøving og effektevaluering (forskning)

Spor 1:

For PBG-spor 1 utarbeidde Kunnskapsdepartementet, saman med fylkeskommunane, eit rammeverk som identifiserte overgangar der det er særst viktig å setje inn tiltak, sjå illustrasjonen nedanfor.

Rammeverk for betre gjennomføring:



Rammeverket skulle medverke til å betre systematikken i fylkeskommunane sitt arbeid med å implementere gode tiltak for målgruppa; elevar som står i fare for ikkje å gjennomføre opplæringa, og ungdom mellom 15 og 21 år som står utanfor opplæring og arbeid.

Dåverande kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen grunn gav kvifor ei systematisk kunnskapsoversikt var viktig med at:

Vi har bestemt oss for det vi kaller en skrittvis reform, med en tydelig kunnskapsbasert innsats. Vi skal ta med oss erfaringene fra tidligere satsinger, og bruke forskning for å finne nye tiltak for å øke gjennomføringen i videregående opplæring. Vi ønsker systematisk utprøving av tiltak lokalt for å se hva som har effekt før vi bestemmer om de skal ruller ut over hele landet.

Arbeidet i Spor 1 blei koordinert i eit nasjonalt nettverk der kvar fylkeskommune var representert med to personar som hadde særleg ansvar for arbeidet med å auke gjennomføringa i sitt fylke. Nettverket hadde regelmessige samlingar der kunnskapsutveksling, drøfting av tiltak og initiativ, kompetanseutvikling og erfaringar vart delt. Kunnskapsdepartementet leia nettverket.

Spor 2

Spor 2 er ein målretta forskingsinnsats der forskingsmiljø saman med fylkeskommunar søkte Kunnskapsdepartementet om midlar til å finansiere prosjekt det var grunn til å tru skulle auke gjennomføringa. Krava frå Kunnskapsdepartementet var blant anna at prosjekta skulle effektevaluerast, ha vitskapeleg kvalitet, vere forankra i praksisfeltet, ha relevans for politikikutvikling og gi relevant kompetanse. COMPLETE blei eitt av fire prosjekt som fekk midlar.

COMPLETE

COMPLETE-prosjektet omfattar til saman 17 vidaregåande skular i fire fylkeskommunar, Nordland, Troms, Hordaland og Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane deltek med Hafstad, Eid, Mo og Øyrane og Firda vidaregåande skular. Firda vidaregåande skule har vore kontrollskule i forskingsprosjektet.

Forskinga ynskjer å finne ut om vi får større effekt på gjennomføringa i vidaregåande opplæring ved å ta i bruk både universelle og selektive/indikative tiltak. Universelle tiltak er førebyggjande og meistringsfremjande tiltak som rettar seg mot alle elevar, også dei som ikkje er identifisert til å vere i ei risikogruppe ved oppstart, men som kan vere sårbare i høve til overgangen mellom ulike skular. Selektive tiltak rettar seg mot sårbare elevar som i ei kort eller lengre periode treng ekstra oppfølging, og indikative tiltak rettar seg mot definerte risikogrupper (psykiske vanskar eller diagnoser).

COMPLETE – prosjektet består av to tiltak; *Drømmeskolen* som er universelt og *Nærværsteam* som er selektivt/indikativt.

Drømmeskolen (Eid, Hafstad, Mo- og Øyrane vidaregåande skular)

er ein del av Helsedirektoratet si satsing på «psykisk helse i skolen». Programmet rettar seg mot alle elevane i vidaregåande skule, men har særskild merksemd på overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule.

Tiltaket nyttar implementeringsstrategiar, modellar, metodar og verktøy som skal verke saman, forsterke kvarandre og skape kontinuitet og råmer for skulen sitt heilskaplege arbeid med læringsmiljøet. Elevmentorar, "Drømmeklassen" og styrking av læraren sin relasjonskompetanse er viktige berejklar i *Drømmeskolen* sitt arbeidet for å motivere elevane til å fullføre utdanninga si (www.vfb.no).

Nærværsteam (Mo- og Øyrane vidaregåande skule)

er ein modell med utgangspunkt i eit førebyggjande team oppretta på Bodin vidaregåande skule. Tiltaket rettar seg spesielt mot oppfølging av unge som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring og ikkje kvalifisere seg for arbeidslivet. Satsinga omfattar tre område; overgangsarbeid, trivsel og helse og fråværsoppfølging, og satsar både på psykososialt arbeid rundt enkeltelevar og organisering av arbeidet på systemnivå. Det vil seie å avklare roller og forenkle og systematisere rutinar mellom leiing, kontaktlærer, elevtenesta, oppfølgingstenesta, karriererettleiing og andre instansar. Tiltaket føreset eit samlokalisert nærværsteam som består av OT, sosialpedagogisk rådgjevar og skulehelsetenesta ([Nærværsteam](#)).

I delrapporten, publisert 09.05.18, finn ein ikkje statistisk signifikant effekt av tiltaka *Drømmeskolen* og *Nærværsteam*. Det kan ha fleire årsakar, men delrapporten presenterer effekten etter eitt års implementering, og frå forskning veit ein at det gjerne tek to til fem år før eit tiltak er godt integrert. Rapporten er publisert på *COMPLETE* sine nettsider:

<https://complete.w.uib.no/>

Forskningsprosjektet *COMPLETE* held fram til og med hausten 2019.